

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 14. mars 2017.

Tilstades: Regionordfører Erik Skjervagen, Jon Rikard Kleven, Halvor Homme, Jarand Felland, Halfdan Haugan, Tarjei Gjelstad, Ketil Kiland, Jan Myrekrok, Sverre Sæter, John Kleiv, Per Dehli, Øystein Tveit, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Møteinnkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 09/2017 Referat frå rådsmøte 14. februar 2017.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 14. februar 2017 vert samrøystes godkjent.

Sak 10/2017 Prosessen rundt antal lensmannskontor i Vest-Telemark - mandat/retningslinjer for seinare representasjon for regionen.

Saken hadde sitt utspring i eit møte i styringsgruppa for nærpolitireformen der Halfdan Haugan møtte i staden for regionordfører Erik Skjervagen, og der møtet etter innlegg frå Haugan, resulterte i ei endra tilråding gjeldande plassering av lensmannskontor.

Etter innspel frå Tarjei Gjelstad på forrige rådsmøte, der han peika på at Halfdan Haugan i dette tilfellet hadde ivaretatt egen kommune framfor regionens interesser, vart saken teke opp til nærare drøfting i rådsmøtet 14. mars.

Gjelstad kritiserte framgangsmåten til Haugan og etterlyste i tillegg køyrereglar for bruk av vararepresentantar og reglement for deira rolle/mandat i slike saker. Han understreka at ombudsfolk må ivareta regionen som heilskap, og at ein etter dette må ha reglar for val av varafolk til slike utval. I ordsiftet kom det fram at enkelte no har manglande tillit til Seljordsordføraren.

Det vart det gjort slikt samrøystes vedtak:

Ved framtidige val av representantar frå Vest-Telemarkrådet til ulike arbeidsgrupper og utval, skal det alltid veljast vararepresentantar.

Rådet presiserer at dei valde representantane i slike samanhengar skal ivareta regionens interesser framfor interessene til egen kommune.

Sak 11/2017 Forslag til årsmelding/årsrekneskap VTR 2016.

Det låg føre forslag til årsmelding og årsrekneskap 2016 for Vest-Telemarkrådet.

Ole Dalen orienterte nærare om forslaget til årsmelding og peika mellom anna på Rådets rolle i viktige saker som t.d. konsesjonskraft-ordninga, ny organisering av PPT, arbeid for betre vegar og vidareføring av interkommunalt samarbeid.

Vidare orienterte han om arbeidet med å få ut informasjon om verksemda i høve omgjevnaden.

Administrasjonen har nyleg oppretta ein blogg som ligg på VT-radet.no, der regionens arbeid vert rapportert løpande.

Det vart også orientert kort om årsrekneskapen, som viser eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr. 224 516,-.

Etter innspel i møtet vil ein invitere rekneskapsfører til Vest-Telemarktinget 25. april med tanke på ein meir detaljert gjennomgang av dei ulike rekneskapspostane.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2016 til framlegging for endeleg godkjenning i Vest-Telemarktinget. Samrøystes vedtak.

Sak 12/2017 Forslag til sakliste og møtestad for Vest-Telemarktinget 25. april 2017.

Det låg føre forslag om å legge Ting-møtet til Quality Straand Hotel i Vrådal.

I tillegg til formelle saker som forslag til årsmelding og årsrekneskap for 2016, låg det også forslag om eit fagleg innslag med orientering omkring "akutt-kjeden" innafor helse.

Ketil Kiland, som er prosjektansvarleg for prosjektet rundt vidareføring av det interkommunale samarbeidet, minte om at også dette temaet blir gjenstand for nærare orientering 25. april.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste, med tillegg av tidlegare fastlagt orientering om det interkommunale samarbeidsprosjektet.

Møtet i Tinget vert lagt til Quality Straand Hotel i Vrådal. Samrøystes vedtak.

Sak 13/2017 Brannvernet - nye krav til drift/opplæring og utstyr. Drøftingssak.

Tilstades i samband med denne saken, var leiar av brannvernssamarbeidet i Vest-Telemark, Tore Metveit og leiar av beredskapsavdelingen i Fyresdal, Arild Metveit.

Etter initiativ frå Jarand Felland drøfta Vest-Telemarkrådet problemstillingar omkring krava frå *Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)* i høve til drift/opplæring og utstyr.

Direktoratet skil ikkje mellom store byar og distriktskommunar, og krava kan oppfattast som drivande for å etablere store, sentraliserte brannvesen.

DSB har utarbeidd eit brannstudie, og frå regjeringa ligg det føre ei samfunnssikkerhetsmelding som peikar på færre og større brann-samarbeid. Vidare er det beslutta å etablere ny utdanningsmodell for brannredningspersonell som inneber høgare krav til utdanning.

Tore Metveit orienterte nærare om saken, og Vest-Telemarkrådet drøfta dei ulike sidene ved krava. Det er også ei utfordring at det nærmar seg utskifting av mannskap pga alder og dermed nye behov for opplæring.

Det er også slik at mannskapsmangel er den største utfordringa i sårbarhetsanalysene for Vest-Telemark.

Vedtak: Styret i brannvernet får i oppdrag å lage ein samla oversikt over krava og kostnadene i regionen som fylgje av dagens reglar og pålegg.

Sak 14/2017 Drøfting rundt val av representantar til styret i ulike interkommunale selskap.

På bakgrunn av 2 utarbeidd notat drøfta Vest-Telemarkrådet nærare prosedyrer for val av representantar til styra i ulike interkommunale selskap.

Det vart gjort slikt vedtak: Vest-Telemarkrådet ser det som føremålstenleg at ordførarane i dei 6 kommunane drøftar styrerepresentasjonen i selskapa Vest-Telemark Kraftlag, Vest-Telemark Brannvesen og Renovest i samla forum, og på den måten utgjer valkomite for desse tre selskapa.

Leiar av Rådmannsutvalet er sekretær for valkomiteen.

For Vest-Telemark PPT vil ein at rådmannsutvalet skal stå som valkomite. Samrøystes vedtak.

Sak 15/2017 Ymse

Mogleg møte med KLP.

Det låg føre veksling av e-post mellom KLP og rådmann Ketil Kiland i høve til mogleg møte mellom politisk/administrativ leiing i kommunane og administrativ leiing i KLP.

Samrøystes v edtak: Administrasjonen i lag med Ketil Kiland får i oppdrag å invitere konsernsjefen m.fl. til eit komande møte i Vest-Telemarkrådet.

Passfunksjon ved eitt av lensmannskontora i Vest-Telemark.

Det låg føre kopi av brev frå Vinje kommune adressert Politimeisteren i Tønsberg, der kommunen ber politiet opprette passfunksjon ved eitt av lensmannskontora i Vest-Telemark.

Det låg også føre forslag frå Jon Rikard Kleven om at Vest-Telemarkrådet skulle gjera tilsvarande vedtak på vegne av heile regionen.

Vedtak: Administrasjonen i lag med regionordførar får i oppdrag å sende brev til politimeisteren i Sør-Øst Politidistrikt der Vest-Telemarkrådet krev at det blir lagt passfunksjon til eitt av lensmannskontora i regionen. Samrøystes vedtak.

Opplegg for faste møte med Telemarksbenken.

Det vart reist spørsmål om Vest-Telemarkrådet skal ta initiativ til eit fastere møteopplegg mellom Rådet og Telemarksbenken på Stortinget.

Rådet drøfta ulike innspel i høve til møtefrekvens, møtestad, samt mogleg felles møte med benken der fylkeskommunen/andre regionar deltek i lag med Vest-Telemarkrådet. Det vart også spela inn moglegheiten for digitale møte.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet kjem attende til saken på neste rådsmøte med forslag til møteopplegg mellom Rådet og Telemarksbenken.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes